



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 27.11.2025
Tid: 09:00 - 13:00

Følgjande møtte:

Namn	Funksjon	Repr.	Vara for
Runar Flåt Granheim	Leder	AP/SP	
May Britt Stenjor	Varamedlem	AP/SP	Tor Kasin
Vigdis Beisland	Medlem	AP/SP	
Aslaug Simonstad Sitje	Varamedlem	H	Anne Eikerapen
Kjell Rune Heia	Medlem	H	

Andre møtande:

Namn	Stilling
Rune Larsson	Sakshandsamar/beredskapskoordinator
Simon Ellingsberg	Kommunedirektør/Kommunalsjef oppvekst
Ingebjørg Margrethe Tallaksen	Arkivleiar

Runar Flåt Granheim
Ordførar

Rune Larsson
Sekretær for utvalet

Saksnr	Innhald
PS 91/25	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 92/25	Endeleg godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
PS 93/25	Orienterings- og drøftingssaker
OS 5/25	Orientering om status i arbeid med Bygdebok
PS 94/25	Referatsaker
RS 11/25	Vedr. kjøp og innløyising av festegrund i Bygland kommune
RS 12/25	Bygland pg - Tilbakemelding på arealer som kan innløses
PS 95/25	Førespurnader
PS 96/25	Badstoger i Bygland, resultat av utlyst konkurranse
PS 97/25	Nedsatt fartsgrense på Byglandsfjord
PS 98/25	Vurdere om strekninga over privat eigedom sør for Bjorenhuset skal vere ein del av turvegprosjektet på Byglandsfjord
PS 99/25	Busetting av flyktningar i 2026
PS 100/25	Prisliste 2026
PS 101/25	Budsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029
PS 102/25	Politisk møteplan 2026
PS 103/25	Godkjenning av protokoll

PS 91/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Formannskapet si handsaming av sak 91/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Innkalling og sakliste godkjennast.

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjent

PS 92/25 Endeleg godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Formannskapet si handsaming av sak 92/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

Protokoll frå møte i formannskapet den 9.10.2025 godkjennast.

Samrøystes

Vedtak:

Protokoll frå møte i formannskapet den 9.10.2025 godkjennast

PS 93/25 Orienterings- og drøftingssaker

Formannskapet si handsaming av sak 93/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Bygg Bygland ved Gyro orienterte om:

- handlingsprogrammet som skal til politisk handsaming av kommunestyret i desember
- dei overordna måla i Bygg Bygland: utviklingsevne, sted-og boligutvikling, fremtidens næringsliv og næringsaktiv kommune
- Handlingsplanen konkretiserar strategiar og tiltak og budsjett
- Bu- og bli- lyst er viktige innsatsområde og har høgt fokus i 2026
- Auka fokus på kommunikasjon og informasjon ut
- ungdomsedverknad, ressursgrupper innan ulike titak
- sosiale møteplassar, digitale verktøy, t.d nettbasert velkomstguide for tilflyttere
- fyrsteline for formidling av tilskotsordningar
- kultur og reiselivsbasert næring, lokalmat
- ny undersøking av tillit og samarbeidsklima mellom næringsliv, administrasjon og politisk nivå
- Styresamansetning: forslag frå styringsgruppa i Bygg Bygland om at Anne Fauske og Christina Millsom går inn i styringsgruppa, ref kommunestyrevedtak på å utvide styringsgruppa.

Handlingsplan og styresamansetning skal vedtakast av kommunestyret i desembermøtet.

Orientering om status i arbeidet med bygdebok av Johnny Østrem

- meininga at forfatteren skulle orientere kvart halvår, men det har ikkje vore tilfelle
- Skal vere ferdig i 2026, etter planen
- Kolshus til Bygland gnr 46 skulle vere ferdig fyrst, deretter Prestegarden til Lauvdal
- Reidar Larsen har oppdraget om å skrive om Byglandsfjord utfrå gardne Vatsend.
- Signal frå bygdebokkomiteen om å ikkje ligge på same detaljerte nivå som tidlegare
- Opplag,- der er det prat om 2-300 bøker. Vore vurdert å trykke på bestilling.
- Forfattaren reiknar med å kome i havn i henhold til plan.
- Nemda (bygdebok) sitt mandat er noko uklart.

Orientering frå ordførar

- Rep.skap i SIPR onsdag 3.12, på Furuly.

Sak om endring i avtalen, redusert innbetaling fra kommunane, frå 1,3 mill til 500.000.

Krever 2/3 fleirtal i rep.skap, samt at samtlege kommunar må vedta det i etterkant.

Vidare ei endring i utvalgstrukturen,- dvs at styret blir redusert til å bestå av ordførarane.

Vara ut perioden blir kommunen andre representant.

Vedtak:

PS 94/25 Referatsaker

Formannskapet si handsaming av sak 94/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Vedtak:

Formannskapet tek referatsakene til orientering

PS 95/25 Førespurnader

Formannskapet si handsaming av sak 95/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Spursmål frå M. B. Stenjor (Ap)

Skikort i Brokke;

Er det penger inneværende år som kan omdisponert til skikort? Er det noe i ramma for å gi støtte?

1 kort koster ca 4000,- i 2025 ble det kjøpt inn 12 -13 kort for 50.000,-.

Formannskapet ber kommunedirektøren gjere ei grundig vurdering av om det i det inneverande budsjettet for 2025 er mogleg å omdisponere midlar til formål knytt til skikort ved Brokke Alpinsenter.

Svar frå kommunedirektør:

Vil heller ha eit klart vedtak som seier at kommunen skal bruke 50.000 til innkjøp av skikort.

Ber om eit tydeleg vedtak i kommunestyret, evt kome som eit eige forslag i budsjettet.

Kommunedirektøren har ein dialog med Frivilligsentralen om saka før møte i kommunestyret.

Vedtak:

PS 96/25 Badstoger i Bygland, resultat av utlyst konkurranse

Formannskapet si handsaming av sak 96/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Habilitet frå K. R. Heia (H)

Er en av søkerene og ber om å bli vurdert.

Formannskapet vurderte han samrøystes som inhabil og trakk seg ut under handsaming av saka

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Bygland kommune avlyser konkurransen om tilskot til oppføring av badstoger.

PS 97/25 Nedsatt fartsgrense på Byglandsfjord

Formannskapet si handsaming av sak 97/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Bygland kommune vedtar ny skiltplan på Byglandsfjord som legg til rette for fartsgrense 30 km/t på kommunal veg.

PS 98/25 Vurdere om strekninga over privat eigedom sør for Bjorenhuset skal vere ein del av turvegprosjektet på Byglandsfjord

Formannskapet si handsaming av sak 98/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Strekninga frå Bjorenhuset mot stasjonsområdet over privat tomt skal ikkje innlemmast i turvegprosjektet, med mindre bebruarane underteiknar avtale om kommunal overtaking av den eksisterande turvegen.

PS 99/25 Busetting av flyktningar i 2026

Formannskapet si handsaming av sak 99/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Bygland kommune vedtar å ikkje busette flyktningar i 2026.

PS 100/25 Prislister 2026

Formannskapet si handsaming av sak 100/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:**Forslag frå H**

Gebyr for dispensasjonssøknader endres ikke før reguleringsplaner er klare. Dette vil hemme utvikling da vi har mange enten manglende eller utdaterte planer som er årsak til den høye andelen dispensasjonssøknader.

Røysting over forslaget til Høgre fall mot 3 røyster (AP/SP)

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Framlegg til prisliste for 2026 for Bygland kommune blir fastsett som kommunale prisar og gebyr for 2026.

PS 101/25 Budsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029

Formannskapet si handsaming av sak 101/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:**Tilleggsforslag frå Ap og Sp**

Austad kyrkje

Bygland kommune utbetrar Austad kyrkje slik at kyrkja kan halde åpent, med ei investeringsramme på maksimalt kr 350.000,- pluss mva, Dette finansierast ved auka låneopptak.

Kommunedirektøren skal vurdere kva som er absolutt naudsynt i høve denne istandsettinga, mtp brannvarsling o.l som kan føre til auka driftskostnader.

Arbeidet med utbedringa kan ikkje skje før avtalen mellom Bygland og Årdal Kyrkelege Fellesråd (Fellesrådet) er oppdatert og vedteke av kommunestyret, og ikkje før Fellesrådet sjølv har vedteke at dei er i stand til å ta ansvar for drift og vedlikehald av Austad kyrkje som følge av investeringa.

Samrøystes

Forslag frå Ap og Sp

Verbalforslag: Meirope bibliotek og ungdomsklubblokale

Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut moglegheita for å etablere meirope og sjølvbetjent bibliotek på Bygland og meirope ungdomsklubb-lokalar på Bygland og Byglandsfjord i 2026.

Utgreiinga skal omfatte økonomiske og driftsmessige konsekvensar, behov for bemanning, tryggleiksløysingar, erfaringar frå andre kommunar og eventuelle krav til lokale og tekniske løysingar. Det er føresetnad at medverknadsorgana blir involvert i saka.

Kommunestyret gjer merksam på at det er viktig å tenke på meirope lokalar også på Byglandsfjord med tanke på ungdom.

Saka skal leggjast fram for politisk behandling innan sommar 2026.

Samrøystes

Forslag frå Ap og Sp

Boligosial plan og priser utleige

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ein heilskapleg boligosial plan for politisk handsaming innan utgangen av 2026.

Planen skal byggje på oppdatert behovskartlegging, vurdere butilbod, forvaltning av kommunale bustader og samhandling med private aktørar, samt foreslå langsiktige strategiar for kommunens framtidige boligosiale utfordringar.

Planen skal sikre bustadsosiale omsyn slik at utsette grupper får tilgang til eigna og økonomisk overkommelege bustader.

Samrøystes

Forslag frå Ap og Sp

Verbalforslag vegvedlikehald.

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak som gjev ei samla og oppdatert oversikt over:

a) alle kommunale vegar og eventuelt andre vegar der kommunen har vedlikehaldsansvar,

b) tilstandsgrad, vedlikehaldsetterslep og eventuelle årlege drifts-/vedlikehaldskostnader per vegstrekning,

c) eventuelle juridiske og praktiske avklaringar knytte til ansvar/eigarskap.

2. Saka skal inkludere ei vurdering av kva for private vegar ein kan avslutte kommunalt vedlikehald av, samt kva kommunale vegar som kan vere føremålstenlege å omklassifisere/overføre til privat veg, utifrå:

a) kriterium for vurdering (trafikkmengd, funksjon, tilkomst, tryggleik, beredskap, skuleveg, kollektiv),

b) økonomiske, juridiske og samfunnsmessige konsekvensar for kommunen og råka innbyggjarar,

c) naudsynt prosess, medverknad og eventuell kompensasjons-/overgangsordning.

3. Saka blir beden fremja for kommunestyret innan neste års budsjettbehandling

Samrøystes

Forslag frå Ap og Sp

Verbalforslag – oversikt over kommunale bygg, vedlikehaldsetterslep og avhendingsmoglegheiter

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak som gir ei samla og oppdatert oversikt over:

a) alle kommunale bygg med eigarforhold, formål/bruk og areal.

b) teknisk tilstand (tilstandsgrad), estimert vedlikehaldsetterslep/ investeringsbehov.

c.) Saka skal inkludere ei vurdering av avhending/utfasing av bygg.

Samrøystes

Forslag frå Ap og Sp

Verbalforslag- vinterbrøyting.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak om revidering av brøyteavgift til husstandar for private veger som kommunen har teke på seg ansvar for vinterbrøyting og strøing.

Dette med sikte på å innføre eit sjølvkostprinsipp.

Samrøystes

Forslag frå H

Prøve Bu satsning på bolig, denne bør framskyndes til 2027 og man benytter eksisterende tomter i felt på Byglandsfjord på dette. Vi bør ikke vente på at nye felt skal være klare i form av regulering.

Fall mot 3 røyster AP/SP

Forslag frå H

Vann og kloakk, det er i år avsatt 300 000, de resterende postene bør strykes til det foreligger kalkyler og underlag for budsjettering. Dette må være ett resultat av utredning med de bevilgede midlene på 300 000.

Fall mot 3 røyster AP/SP

Forslag frå H

Utleie kontrakter som kommunen har på bygg og eiendom må endres slik at ikke inventar og driftsutgifter må dekkes av kommunen. Generelt for alle bygg som leies ut.

Samrøystes

Kommunedirektøren si innstilling med nemnde tilleggsforslag vart samrøystes vedteken

Vedtak:

FRAMLEGG TIL INNSTILLING – BUDSJETT 2026

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2026, med tilhøyrande føresetnader, blir fastsett som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2026.

Skattesatsar/marginavsetning

Skatten for 2026 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c.

Kommunale avgifter og betalingsattsar

Bygland kommune legg opp til 100 % dekningsgrad på kommunale avgifter, med unntak av årsavgift på avløp og vatn. For 2026 blir det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingsattsar:

- Årsavgift for vatn – fastgebyr blir auka med 8,4 %
- Årsavgift for vatn – forbruksgebyr blir auka med 12,9 %
- Årsavgift for avløp – fastgebyr blir auka med 9,2 %
- Årsavgift for avløp – forbruksgebyr blir auka med 13,1 %
- Tilkoplingsavgift for vatn blir ikkje endra
- Tilkoplingsavgift for avløp blir ikkje endra
- Slamtømmeavgift (ordinær tømning) blir ikkje endra
- Andre slamtømmeavgifter sjå prislista
- Renovasjonsavgift hus blir auka med 12,8 %
- Renovasjonsavgift hytte blir auka med 12,8 %
- Feieavgift blir ikkje endra

Merk at prosentauka i vass- og avløpsgebyra ovanfor er ekskl. mva., som vil seie at årseffekten av auka i realiteten er noko mindre, sidan det var 25 % mva. på vatn, avløp og slam i første halvår 2025, og 15 % i andre halvår av 2025, medan i 2026 er det 15 % mva. for heile året.

Viss ein inkluderer mva., vil dette seie ei årleg auke på 7,26 % frå 2025 til 2026 for ein bustad på 150 kvadratmeter, som betalar vass- og avløpsforbruk etter areal. Dette tilsvarar ei auke på totalt 1634 kr gjennom heile året.

Låneopptak

Det blir lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån/ubrukte lånemidlar til investering på 11,20 millionar i 2026. Før ein tek opp nytt lån, blir ubrukte lånemidlar frå året før nytta. Opptak av startlån er budsjettert med inntil 30 mill., for å ha fleksibilitet til å ta opp lån viss behovet melder seg.

Andre forhold

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultateining:

- Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til naudsynnte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
 3. Kommunedirektøren får fullmakt til å bruke av, og avsette midlar til einingsfond.
 4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
 5. Kommunedirektøren får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskap innanfor budsjett.
 6. Bruk av ordinært disposisjonsfond er budsjettert med kr 4.400.000. Bruk av, og avsetning til, andre disposisjonsfond er fordelt som følger:

År	2026
Avsetning til flyktingefond	3 717 000
Avsetning til ordinært disposisjonsfond	0
Sum avsetning til disposisjonsfond	3 717 000
Bruk av flyktingefond oppvekst	-922 000
Bruk av pensjonsfond til nettoutgift frå premieavvik	-570 000
Bruk av ordinært disposisjonsfond	-4 400 000
Sum bruk av disposisjonsfond	-5 892 000

Merk at avsetninga til flyktingefondet bidreg til å «pynte» på netto driftsresultat med tilsvarende sum.

Generelt

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For det einskilde budsjettområde gjeld reglane om delegert budsjettmynde innanfor netto driftsramme. Utover dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i Setesdal interkommunalt politiske råd (SIPR) før endeleg løyving vert fastsett. Budsjettert overføring til SIPR er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltakarstøtta.

FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2026-2029

1. Økonomi- og handlingsplan for perioden 2026-2029 blir vedtatt i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2026-2029 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Bruk av, og avsetning til, ordinært disposisjonsfond og andre disposisjonsfond, er som følger i perioden 2026-2029:

År	2026	2027	2028	2029
Avsetning til flyktningefond	3 717 000	1 637 000	0	0
Avsetning til ordinært disposisjonsfond	0	0	3 967 000	7 641 000
Sum avsetning til disposisjonsfond	3 717 000	1 637 000	3 967 000	7 641 000
Bruk av flyktningefond	-922 000	-922 000	-1 098 000	-1 422 000
Bruk av pensjonsfond til nettoutgift frå premieavvik	-570 000	-570 000	-570 000	-570 000
Bruk av ordinært disposisjonsfond	-4 400 000	-49 000	0	0
Sum bruk av disposisjonsfond	-5 892 000	-1 541 000	-1 668 000	-1 992 000

Fyljande verbalforslag blei vedtekne:

Austad kyrkje - Bygland kommune utbetrar Austad kyrkje slik at kyrkja kan halde åpent, med ei investeringsramme på maksimalt kr 350.000,- pluss mva, Dette finansierast ved auka låneopptak. Kommunedirektøren skal vurdere kva som er absolutt naudsynt i høve denne istandsettinga, mtp brannvarsling o.l som kan føre til auka driftskostnader. Arbeidet med utbedringa kan ikkje skje før avtalen mellom Bygland og Årdal Kyrkelege Fellesråd (Fellesrådet) er oppdatert og vedteke av kommunestyret, og ikkje før Fellesrådet sjølv har vedteke at dei er i stand til å ta ansvar for drift og vedlikehald av Austad kyrkje som følge av investeringa.

Verbalforslag: Meirope bibliotek og ungdomsklubblokale Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut moglegheita for å etablere meirope og sjølvbetjent bibliotek på Bygland og meirope ungdomsklubb-lokalar på Bygland og Byglandsfjord i 2026. Utgreiinga skal omfatte økonomiske og driftsmessige konsekvensar, behov for bemanning, tryggleiksløysingar, erfaringar frå andre kommunar og eventuelle krav til lokale og tekniske løysingar. Det er føresetnad at medverknadsorgana blir involvert i saka. Kommunestyret gjer merksam på at det er viktig å tenke på meirope lokalar også på Byglandsfjord med tanke på ungdom. Saka skal leggjast fram for politisk behandling innan sommar 2026.

Boligosial plan og priser utleige Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ein heilskapleg boligosial plan for politisk handsaming innan utgangen av 2026. Planen skal byggje på oppdatert behovskartlegging, vurdere butilbod, forvaltning av kommunale bustader og samhandling med private aktørar, samt foreslå langsiktige strategiar for kommunens framtidige boligosiale utfordringar. Planen skal sikre bustadsosiale omsyn slik at utsette grupper får tilgang til eigna og økonomisk overkommelege bustader.

Verbalforslag vegvedlikehald.

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak som gjev ei samla og oppdatert oversikt over:

- a) alle kommunale vegar og eventuelt andre vegar der kommunen har vedlikehaldsansvar,
- b) tilstandsgrad, vedlikehaldsetterslep og eventuelle årlege drifts-/vedlikehaldskostnader per vegstrekning,
- c) eventuelle juridiske og praktiske avklaringar knytte til ansvar/eigarskap.

2. Saka skal inkludere ei vurdering av kva for private vegar ein kan avslutte kommunalt vedlikehald av, samt kva kommunale vegar som kan vere føremålstenlege å omklassifisere/overføre til privat veg, utifrå:

- a) kriterium for vurdering (trafikkmengd, funksjon, tilkomst, tryggleik, beredskap, skuleveg, kollektiv),
- b) økonomiske, juridiske og samfunnsmessige konsekvensar for kommunen og råka innbyggjarar,
- c) naudsynt prosess, medverknad og eventuell kompensasjons-/overgangsordning.

3. Saka blir beden fremja for kommunestyret innan neste års budsjettbehandling

Verbalforslag – oversikt over kommunale bygg, vedlikehaldsetterslep og avhendingsmoglegheiter

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak som gir ei samla og oppdatert oversikt over:

- a) alle kommunale bygg med eigarforhold, formål/bruk og areal.
- b) teknisk tilstand (tilstandsgrad), estimert vedlikehaldsetterslep/ investeringsbehov.
- c.) Saka skal inkludere ei vurdering av avhending/utfasing av bygg.

Verbalforslag- vinterbrøyting.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak om revidering av brøyteavgift til husstandar for private veger som kommunen har teke på seg ansvar for vinterbrøyting og strøing.

Dette med sikte på å innføre eit sjølvkostprinsipp.

Utleie kontrakter som kommunen har på bygg og eiendom må endres slik at ikke inventar og driftsutgifter må dekkes av kommunen. Generelt for alle bygg som leies ut.

PS 102/25 Politisk møteplan 2026

Formannskapet si handsaming av sak 102/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Politisk møtekalender for 2026 vert vedteken slik den ligg ved saksframlegget.

PS 103/25 Godkjenning av protokoll

Formannskapet si handsaming av sak 103/2025 i møte den 27.11.2025:

Handsaming:

Forslag frå R. F. Granheim (Ap)

May Britt Stenjør og Runar Granheim godkjenner og signerer protokollen.

Samrøystes

Vedtak:

May Britt Stenjør og Runar Granheim godkjenner og signerer protokollen.